

ULVIK HERAD
Heradsstyret



Møteprotokoll

Sakene: 055/25 – 065/25
Møtedato: 18.09.2025
Møtetid: kl. 12:30
Møtestad: Hardangerjøkulen

Fylgjande medlemmer møtte:

Linn Løvtangen Skeie	AP
Ronny Lunestad	AP
Stig Yngve Røkenes	H
Ingvild Breien Sygnestveit	SP
Jens Olav Holven	SP
Kåre Olai Solheim	SP
Nils Branstveit	SP
Jenny Merete Wright Johnsen	SV
Torunn Pedersen Polden	SV
Anders Kristoffer Oppheim	V
Håkon Gjerde	V
Ingrid Sponheim	V
Katrina Kvåle Hellesnes	V

Fylgjande varamedlemmer møtte:

Annlaug Brandstveit	AP
Hans Åge Ohnstad-Johansen	H
Paul Richards	H
Sevre Vestrheim	V

Fylgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Hans Petter Thorbjørnsen	AP
Kari Sandøy-Jarman	H
Magrete Garnes Øydvin	H
Ingeborg Hellesnes Uppheim	V

Merknader:

Stig Yngve Røkenes (H) reiser etter handsaming av sak 058/25, ingen vara møtte.
(Heradsstyre fortsette med 16 røysteføre)

Underskrifter:

Me stadfestar med våre digitale underskrifter at møteboka er ført i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

Ulvik, 08.10.2025

Medlem
Anders Kristoffer
Oppheim

Ordførar
Jens Olav Holven

Medlem
Ronny Lunestad

Sakliste:

Sak nr	Sakstittel
PS-055/25	Interpellasjonar og grunngjevne spørsmål
PS-056/25	Meldingar
PS-057/25	Godkjenning av møteprotokoll
PS-058/25	Underskrift på møteprotokollen
PS-059/25	Utlån til kommunalt-eigd selskap
PS-060/25	Høyring av Felles sti- og løypeplan for Hardangervidda
PS-061/25	Oppretting av politisk komite- skulemiljø
PS-062/25	Mandat for politisk komite skulemiljø
PS-063/25	Suppleringsval - Val av kontaktperson i Norsk Vann
PS-064/25	Søknad om fritak fra politiske verv
PS-065/25	Suppleringsval - vara til heradsstyre og fast medlem i kontrollutvalet

055/25: Interpellasjonar og grunngjevne spørsmål

Framlegg til vedtak:

Spørsmål og avgitt svar vert tekne til etterretning slik dei ligg føre.

18.09.2025 Heradsstyret

HST - 055/25 VEDTAK:

Spørsmål og avgitt svar vert tekne til etterretning slik dei ligg føre.

056/25: Meldingar

Framlegg til vedtak:

Meldingane vert tekne til etterretning slik dei ligg føre.

18.09.2025 Heradsstyret

Røysting:

Samrøystes vedteken.

HST - 056/25 VEDTAK:

Samrøystes vedtak:

Meldingane vert tekne til etterretning slik dei ligg føre.

057/25: Godkjenning av møteprotokoll

Framlegg til vedtak:

Møteprotokollen frå førre møte vert godkjent.

18.09.2025 Heradsstyret

Røysting:

Samrøystes vedteken.

HST - 057/25 VEDTAK:

Samrøystes vedtak:

Møteprotokollen frå førre møte vert godkjent.

058/25: Underskrift på møteprotokollen

Framlegg til vedtak:

Medlem 1:

Medlem 2:

18.09.2025 Heradsstyret

Framlegg om Anders Kristoffer Oppheim og Ronny Lunestad.

Røysting:

Samrøystes vedteken.

HST - 058/25 VEDTAK:

Samrøystes vedtak:

Medlem 1: Anders Kristoffer Oppheim

Medlem 2: Ronny Lunestad

059/25: Utlån til kommunalt-eigd selskap

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Heradstyret godkjenner utlån av 250.000 til Plato AS. Av dette skal 50.000 tilbakebetalast umiddelbart og resterande 200.000 over 10 år, eller så snart lånebehovet opphøyrer. Lånet gjevast med gjeldande marknadsrente.

18.09.2025 Heradsstyret

Røysting:

Samrøystes vedteken.

HST - 059/25 VEDTAK:

Samrøystes vedtak:

Heradstyret godkjenner utlån av 250.000 til Plato AS. Av dette skal 50.000 tilbakebetalast umiddelbart og resterande 200.000 over 10 år, eller så snart lånebehovet opphøyrer. Lånet gjevast med gjeldande marknadsrente.

060/25: Høyring av Felles sti- og løypeplan for Hardangervidda

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Ulvik herad tek utkastet til felles sti- og løypeplan for Hardangervidda til orientering. Dagens ferdselsmønster på Hardangervidda er neppe berekraftig med tanke på bevaring av villrein. Situasjonen krev tiltak. Ulvik herad er i hovudsak positiv til planen slik den ligg føre. Me har likevel fylgjande innspel til planen:

- Ein eventuell «kitekorridor» sørover frå Finse bør leggjast nærmare og parallelt med Bergensbanen.
- Lista med aktuelle innsatsområde under avsnitt 6 «supplerande tiltak med same mål» bør supplerast med *drone*.
- Implementering av planens føringar i kommunens eige planverk må underleggjast lokale politiske planprosessar.

18.09.2025 Heradsstyret

Endringsframlegg frå Høgre:

Endring i punkt 1

Ulvik Herad ynskjer ikkje «kitekorridor» sørover frå Finse i villreinområdet og det som også er eit viktig område for både fjellrev og fjellrypa. Om Ulvik Herad ikkje får medhald i dette, bør ein eventuell «kitekorridor» leggjast nærmare og parallelt med Bergensbanen.

Røysting over endringsframlegg frå Høgre:

Endringsframlegg frå Høgre vart samrøystes vedteken.

Røysting over resterande punkt i tilrådinga:

Samrøystes vedteken.

HST - 060/25 VEDTAK:

Samrøystes vedtak:

Ulvik herad tek utkastet til felles sti- og løypeplan for Hardangervidda til orientering. Dagens ferdselsmønster på Hardangervidda er neppe berekraftig med tanke på bevaring av villrein. Situasjonen krev tiltak. Ulvik herad er i hovudsak positiv til planen slik den ligg føre. Me har likevel fylgjande innspel til planen:

- Ulvik Herad ynskjer ikkje «kitekorridor» sørover frå Finse i villreinområdet og det som også er eit viktig område for både fjellrev og fjellrypa. Om Ulvik Herad ikkje får medhald i dette, bør ein eventuell «kitekorridor» leggjast nærmare og parallelt med Bergensbanen.
- Lista med aktuelle innsatsområde under avsnitt 6 «supplerande tiltak med same mål» bør supplerast med *drone*.
- Implementering av planens føringar i kommunens eige planverk må underleggjast lokale politiske planprosessar.

27.08.2025 Formannskap

Røysting:

Samrøystes vedteken.

FSK - 057/25 VEDTAK:

Samrøystes vedtak:

Ulvik herad tek utkastet til felles sti- og løypeplan for Hardagervidda til orientering. Dagens ferdselsmønster på Hardangervidda er neppe berekraftig med tanke på bevaring av villrein. Situasjonen krev tiltak. Ulvik herad er i hovudsak positiv til planen slik den ligg føre. Me har likevel fylgjande innspel til planen:

- Ein eventuell «kitekorridor» sørover frå Finse bør leggjast nærmare og parallelt med Bergensbanen.
- Lista med aktuelle innsatsområde under avsnitt 6 «supplerande tiltak med same mål» bør supplerast med *drone*.
- Implementering av planens føringar i kommunens eige planverk må underleggjast lokale politiske planprosessar.

061/25: Oppretting av politisk komite- skulemiljø

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Formannskapet vedtek å oppretta ein politisk komité som skal arbeida i tett samarbeid med leiinga ved skulen, for å følgja opp arbeidet med å sikra eit trygt og godt skulemiljø.

Komiteen skal ha ei rådgjevande rolle, og bidra til kontinuitet, openheit og politisk forankring av arbeidet. Komiteen skal vera operativ inntil det er dokumentert at skulemiljøet er tilfredsstillande, og at nødvendige strukturar og tiltak er godt forankra i organisasjonen. Komiteen kan vera operativ maksimalt ut valperioden.

Kommunedirektøren får i oppdrag å leggje fram forslag til mandat på første møte i formannskapet etter ferien.

Valnemnda finn fram til 3 kandidatar til å sitja i komiteen og legg innstillinga fram for heradsstyret den 18.juni.

18.09.2025 Heradsstyret

Endringsframlegg frå Ingrid Sponheim:

Heradsstyret vedtek å oppretta ein politisk komité for å følgje opp arbeidet med eit trygt og godt skulemiljø.

1. Kommunedirektøren legg fram forslag til mandat.
2. Valnemnda legg fram forslag til kandidatar.

Røysting:

Endringsframlegg frå Ingrid Sponheim vart samrøystes vedteken. Tilråding frå formannskapet fall.

HST - 061/25 VEDTAK:

Samrøystes vedtak:

Heradsstyret vedtek å oppretta ein politisk komité for å følgje opp arbeidet med eit trygt og godt skulemiljø.

1. Kommunedirektøren legg fram forslag til mandat.
2. Valnemda legg fram forslag til kandidatar.

04.06.2025 Formannskap

Endringsframlegg frå formannskapet:

Stryke siste setning i kommunedirektøren sitt framlegg. Saka leggjast fram på nytt i formannskapet i august før endeleg behandling i heradsstyre i september.

Røysting:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak med endring frå formannskapet vart samrøystes tilrådd.

FSK - 049/25 VEDTAK:

Samrøystes tilråding:

Heradsstyret vedtek å oppretta ein politisk komité som skal arbeida i tett samarbeid med leiinga ved skulen, for å følgja opp arbeidet med å sikra eit trygt og godt skulemiljø.

Komiteen skal ha ei rådgjevande rolle, og bidra til kontinuitet, openheit og politisk forankring av arbeidet. Komiteen skal vera operativ inntil det er dokumentert at skulemiljøet er tilfredsstillande, og at nødvendige strukturar og tiltak er godt forankra i organisasjonen. Komiteen kan vera operativ maksimalt ut valperioden.

Kommunedirektøren får i oppdrag å leggje fram forslag til mandat på første møte i formannskapet etter ferien.

062/25: Mandat for politisk komite skulemiljø

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Mandat for politisk komité til oppfylgjing av skulemiljø

1. Føremål

Komiteen skal fylgja opp arbeidet med å sikra eit trygt og godt skulemiljø i heradet. Komiteen skal ha ei **rådgjevande rolle**, og bidra til kontinuitet, openheit og politisk forankring av arbeidet.

2. Organisering

- Komiteen består av tre politisk valde representantar, der den eine er leiar av komiteen.
- Komiteen arbeider i tett samarbeid med leiinga ved skulen.
- Komiteen rapporterer jamleg til formannskapet.

3. Varigheit

- Komiteen er operativ inntil det er dokumentert at skulemiljøet er tilfredsstillande, og at nødvendige strukturar og tiltak er godt forankra i organisasjonen.
- Komiteen kan maksimalt vera operativ ut inneverande valperiode.

4. Arbeidsområde og rolle

Komiteen skal:

- fylgja opp at skulen og heradet etterlever pliktene i **opplæringslova kapittel 12, skulemiljøet til elevane - §12-2 retten til eit trygt og godt skulemiljø.**
- drøfta status og utfordringar knytt til skulemiljø, og bidra med råd
- vera ein arena for openheit og dialog mellom skuleleiing og politisk nivå
- sikra kontinuitet og framdrift i oppfylgjingsarbeidet
- leggja til rette for politisk forankring av dei tiltaka som vert sett i verk.

5. Innsyn og tilgang til saker

- Komiteen har innsynsrett i saker som er nødvendige for å fylgja opp mandatet.
- Komiteen **har ikkje** innsyn i opplysningar som er underlagde teieplikt, jf. **forvaltningslova §§ 13–13 f** (teieplikt om personlege forhold m.m.).
- Komiteen kan få tilgang til anonymiserte data frå skulen, til dømes resultat frå Elevundersøkinga, Ung data, læringsmiljøkartleggingar, tal melde §12.4 og §12-5 (opplæringslova) saker, men ikkje data som viser personlege opplysningar.

6. Avgrensingar

Komiteen skal ikkje overta leiinga eller administrasjonen sitt ansvar etter lov og forskrift, men skal ha ein rådgjevande og oppfylgjande funksjon.

Medlemene i komiteen skal ikkje ha born eller borneborn på skulen.

7. Møtefrekvens:

To møte pr semester, der leiar i komiteen kallar leiinga i skulen inn til møte.

Fylgjande vert valt inn som komitémedlemar:

- 1.
- 2.
- 3.

Vara:

18.09.2025 Heradsstyret

Framlegg frå valnemnda:

1. Ingrid Sponheim
2. Lina Hamre
3. Sevre Vestrheim

Vara:

Ronny Lunestad

Endringsframlegg frå Ingrid Sponheim (V):

1. Andre kulepunkt under "2. Organisering" vert stroke.
2. Tillegg til kulepunkt 1 under "4. Arbeidsområde og rolle": "på eit overordna nivå."
3. Leddsetninga "og bidra med råd" i kulepunkt 2 under "4. Arbeidsområde og rolle" vert stroke.
4. Ordet "skal" vert byta ut med "bør" i siste setning under "6. Avgrensing".

Endringsframlegg frå Jenny Johnsen (SV):

1. Stryka første punkt under punkt 3 Varigheit
2. Under punkt 7 Møtefrekvens: Endra frå to til tre møte per semester.
3. Legga til at komitéen evaluerast etter endt periode.

Endringsframlegg frå Håkon Gjerde (V):

Endre siste ord under kulepunkt 2 i "Organisering": "formannskapet" til "heradsstyre"

Røysting over framlegg frå Ingrid Sponheim:

1. punkt: samrøystes
2. punkt: samrøystes
3. punkt: samrøystes
4. punkt: samrøystes

Røysting over framlegg frå Jenny Johnsen :

1. punkt: samrøystes
2. punkt: samrøystes
3. punkt: samrøystes

Røysting over framlegg frå Håkon Gjerde:

Samrøystes vedteken.

Røysting over framlegg frå valnemnda:

Samrøystes vedteken.

HST - 062/25 VEDTAK:

Samrøystes vedtak:

Mandat for politisk komité til oppfølging av skulemiljø

1. Føremål

Komiteen skal fylgja opp arbeidet med å sikra eit trygt og godt skulemiljø i heradet. Komiteen skal ha ei **rådgjevande rolle**, og bidra til kontinuitet, openheit og politisk forankring av arbeidet.

2. Organisering

- Komiteen består av tre politisk valde representantar, der den eine er leiar av komiteen.
- Komiteen rapporterer jamleg til heradsstyret.

3. Varigheit

- Komiteen kan maksimalt vera operativ ut inneverande valperiode. Komiteén evaluerast etter endt periode

4. Arbeidsområde og rolle

Komiteen skal:

- fylgja opp at skulen og heradet etterlever pliktene i **opplæringslova kapittel 12, skulemiljøet til elevane - §12-2 retten til eit trygt og godt skulemiljø på eit overordna nivå.**
- drøfta status og utfordringar knytt til skulemiljø
- vera ein arena for openheit og dialog mellom skuleleiing og politisk nivå
- sikra kontinuitet og framdrift i oppfølgjingsarbeidet
- leggja til rette for politisk forankring av dei tiltaka som vert sett i verk.

5. Innsyn og tilgang til saker

- Komiteen har innsynsrett i saker som er nødvendige for å fylgja opp mandatet.
- Komiteen **har ikkje** innsyn i opplysningar som er underlagde teieplikt, jf. **forvaltningslova §§ 13–13 f** (teieplikt om personlege forhold m.m.).
- Komiteen kan få tilgang til anonymiserte data frå skulen, til dømes resultat frå Elevundersøkinga, Ung data, læringsmiljøkartleggingar, tal melde §12.4 og §12-5 (opplæringslova) saker, men ikkje data som viser personlege opplysningar.

6. Avgrensingar

Komiteen skal ikkje overta leiinga eller administrasjonen sitt ansvar etter lov og forskrift, men skal ha ein rådgjevande og oppfølgjande funksjon.

Medlemene i komiteen bør ikkje ha born eller borneborn på skulen.

7. Møtefrekvens:

Tre møte pr semester, der leiar i komiteen kallar leiinga i skulen inn til møte.

Fylgjande vert valt inn som komitémedlemar:

1. Ingrid Sponheim
2. Lina Hamre
3. Sevre Vestrheim

Vara:

Ronny Lunestad

063/25: Suppleringsval - Val av kontaktperson i Norsk Vann

Valnemnda sitt framlegg til vedtak:

Valnemnda legg fram si tilråding i møtet.

18.09.2025 Heradsstyret

Framlegg frå valnemnda:

Ny kontaktperson i Norsk Vann: Trond Helle

HST - 063/25 VEDTAK:

Samrøystes vedtak:

Ny kontaktperson i Norsk Vann: Trond Helle

064/25: Søknad om fritak fra politiske verv

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Harald Gorm Johnsen får fritak frå alle verv som folkevald i Ulvik herad i perioden 2025-2027.

18.09.2025 Heradsstyret

Røysting:

Samrøystes vedteken.

HST - 064/25 VEDTAK:

Samrøystes vedtak:

Harald Gorm Johnsen får fritak frå alle verv som folkevald i Ulvik herad i perioden 2025-2027.

065/25: Suppleringsval - vara til heradsstyre og fast medlem i kontrollutvalet

Valnemnda sitt framlegg til vedtak:

- Ny medlem til kontrollutvalet er:
- Ny vara til heradsstyret for SV er:

18.09.2025 Heradsstyret

Framlegg frå valnemnda:

Nytt medlem i kontrollutvalet: Torunn Hovland Ljone

Nytt varamedlem for SV: Grzegorz Tadeusz Kramar

Røysting:

Framlegg frå valnemnda vart samrøystes vedteken.

HST - 065/25 VEDTAK:

Samrøystes vedtak:

- Ny medlem til kontrollutvalet er: Torunn Hovland Ljone
- Ny vara til heradsstyret for SV er: Grzegorz Tadeusz Kramar